

Fjellsportfolk frå Bergen til Uskedalen

13.09.2007



Lokale sprekingar på Nåso – laurdag blir det spreke bergensarar å sjå der. (Foto: Kjell Yri)

Fredag kveld kjem ei gruppe med 37 fjellsport-entusiastar til Uskedalen der dei vil ha basen sin i lavoar på Rabben Feriesenter til sundag.

Dei deltek i ei fjellsportsamling som er arrangert av DNT Fjellsport Bergen og som har eit breitt tilbod om aktivitetar på laurdag.

Då skal 15 bli ført over Bondhusbren opp til Vinduet medan 11 skal gå Bjørndalstind-traversen i Rosendal og fem har meldt seg på til Ulvanåso-tur. Sju skal padla i fjorden rettleia av instruktør.

- I dette opplegget skulle det vera noko for einkvar, meiner turleiar Birte Haugland. Arrangørane har marknadsført turen på Nåso som "enkel topptur, der du kan gå sjølv med høgdeskrek". Så spørs det om deltakarane vil seia seg einig i det etterpå.

Fjellsportfolka er mest bergensarar men det er også med to danske jenter som har gått brekurs og nokre andre utlendingar.

Sundag skal alle på Malmangernuten før dei reiser attende til Bergen – i same bussen som dei kom med..

Av Ola Matti Mathisen